



Anne Lise Hodneland Cooper
Gamle Kalvedalsveien 42
5019 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/2323 - 17/31454

Saksbehandlar:

Ingrid Bjørge Pedersen

Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:

02.11.2017

Avvist søknad om arealoverføring - gbnr 11/14 og 11/30 Hølleland

Administrativt vedtak. Saknr:

Tiltakshavar:

Ansvarleg søkjar: Anne-Lise H. Cooper

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1, 20-4

Tiltak

Saka gjeld søknad om arealoverføring.

Det vert elles vist til søknad motteken 03.07.17 og førebels svar frå kommunen den 17.08.2017.

Saksutgreiing:

I skriv frå oss den 17.08.17 vart det etterspurt:

1. Delar av eigedommen ligg i strandsona. Tiltaket krev difor dispensasjon frå plan- og bygningslova §1-8 byggegrense mot sjø. Søknad om dispensasjon må også nabovarslast.
2. Det må sendast inn dokumentasjon signert av avgivande heimelshavar til gbnr 11/30 at vedkomanda samtykker til arealoverføringa. Dersom heimelshavar er eit foretak må dokumentet signerst av person med signaturrett for foretaket.

Det vart satt frist til 30.09.17 om ettersending av tilleggsdokumentasjon, men vi kan ikkje sjå å ha motteke dette.

VURDERING:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Søknad om arealoverføring er i strid med plan- og bygningslova § 1-8 vedkomande byggje- og deleforbod i strandsona. Det er ikkje søkt dispensasjon i frå dette. Det er ikkje sendt inn signert dokumentasjon i frå heimelshavar av gbnr 11/30 at vedkomande samtykker til arealoverføring, jf. pbl §§ 21-2 og 21-6 og SAK § 5-4]

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om arealoverføring avvist. Grunngevinga går fram av saksutgreiinga.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/2323

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Anne Lise Hodneland Cooper

Gamle 5019
Kalvedalsveien 42

BERGEN